

# FORELDREINFO AUGUST 2020

## NY LOGO

Skulen har saman med Emilie Dahle designa ein ny meir moderne logo som skal reflektera visjonen vår betre enn den tidlegare logoen gjorde. I løpet av året håpar me å få logoen opp på skuleveggane og ut blant elevane.



Me vil vera med å gje elevane  
røter og venger  
slik at dei blir i stand til å meistra livet

## Film om ulike typar vennskap

Denne filmen har me brukt på skulen. Ta dykk gjerne 10 min og sjå filmen saman med barnet og snakk om temaet.

<https://www.youtube.com/watch?v=cn0MDhbdR8>

## FAU 20/21

Oversikt over kven som er foreldrekontakt finn de på nettsida til skulen.

Første FAU møte blir 16.09.20

I år skal de foreldre velga ny FAU leiar. Ta kontakt med din representant om du har lyst til å stilla til dette viktige vervet. Det inneber møter med rektor for å bringe foreldrestemmen inn i planleggingsarbeidet, leia FAU møter og senda innkalling/saksliste til FAU møter.

## Oppgradering av uteområdet på ungdomsskulen

Me har inngått kontrakt med Bjørns hage og anlegg om å pynta litt på uteområdet utanfor ungdomsskulebygget. I haustferieveka vil me få ein skulpturbenk



som elevane kan sitta/klatra/ligga på, 2 bordtennisbord i betong og oppgradera benkene/planter på skuleplassen. Dette er ein start på det me håpar vil gjera uteområdet meir inspirerende og innby til meir aktivitet ute.

Velkomne tilbake etter sommarferien. Dersom oppstarten legg tonen for korleis dette skuleåret skal bli, så får me det godt i lag også dette året. Ta kontakt med kontaktlærarar/kontormedarbeidar eller leiinga om de har spørsmål eller tilbakemeldingar til oss på skulen. Med ønsker om eit godt og lærererikt år

## HUGS HJELM



Om det er sparkesykkel, vanleg sykkel eller EL-syklar – bruk hjelm!

## BlimE-dansen 2020

Skulen er påmelde BlimE-dans også i år. Instruksjonsvideo til øving på stuegolvet finn de her:

<https://nrksuper.no/serie/blime>



Mvh

Svanhild Gjedrem

Rektor